

## Tambarskjelvar IL – Styremøte 7/2018

17.12.2018 kl 19:30: Styret handsamar sak 33-35, før gruppene møter kl 20:00.

Frammøtte: Karianne Øygard, Håkon Svoen, Anne-Marit S. Rygg, Fredrik Myrvang, Frank Cirotzki, Arne Ommedal, Jan Magne Åsnes, Merete Myklebust, Eigil Instebø, Vidar Slettehaug, Jørn Helgheim, Siss-May Edvardsen

Saksnr	Tema	Vedtak
33/2018	<b>Julefeiring 24.12</b> for tilflyttarar og einslege. Søknad om bidrag til julefeiring frå Ellinor Wergeland.	Arrangementet er ein del av Internasjonal-cafe-konseptet. Pr 17.12 er det 18 påmelde. Tambarskjelvar har vedteke å bidra med kr. 5000,- som skal gå til julegåver. Arrangør er oppfordra om å nytte DinSport som leverandør av gåver i form av sportsutstyr.
34/2018	<b>Instedalen Skianlegg</b>  Spørsmål frå Instedalen Skianlegg as om utbetaling av løyving frå Idrettslaget for vidare utbygging.	På årsmøtet 2017 fekk styret fullmakt til å investere kr 200.000,- i Instedalen skianlegg as. Styret fekk vidare fullmakt til å yte garanti på inntil kr 158.000,- for å sikre framdrift i utbygging av Instedalen skianlegg  Styret har såleis fått ein fullmakt til investering og garanti frå årsmøtet. Styret må handsame saka på ordinær måte før vi ev gjev eit løyve om tilskot. Styret imøteser difor ein søknad frå Instedalen Skianlegg as, inkl. framdrifts- og finansieringsplan.
35/2018	<b>Medlemskap</b> Norges Bingo- og Lotteriforbund (NBLF)	Tambarskjelvar mottok årleg overskot frå LinkBingo, og er i den samanheng oppfordra til å inngå medlemskap. Årskontingent for medlemskap for 2019 er kr 800,-. Tambarskjelvar er allereie medlem, og saka vart difor ikkje handsama.
36/2018	<b>Sponsoravtale med Sparebanken Sogn og Fjordane</b> Det er inngått ny sponsoravtale med Sparebanken Sogn og Fjordane frå 2019, som gjeld fram til 31.12.2021.	Møtet er ikkje nøgde med den inngåtte avtalen. Det er viktig å involvere alle i høve ein slik hovudsponsoravtale. Styret tek dette til etterretning.

	<p>Det er eit vilkår i avtalen at alle klede våre skal merkast med Sparebanken sin logo. Vi har fått eigen profileringsavtale for 2019 til dette.</p>	<p>Styret ber om nærmare avklaring frå SSF om kva klede som skal merkast med logo. Styret bestiller logoar.</p> <p>Fotballgruppa har investert i tykkemaskin som står i Speakerrommet. Gruppene trykker logo sjølv ved høve.</p> <p>Sparebanken oppfordrar elles Idrettslaget om å vere aktive søkjarar gjennom Sparebankstiftinga.</p>
37/2018	<p><b>Barneidrett vs Særidrett</b></p> <p>Barneidrett for dei minste er i årshjulet lagt til torsdagar. I tillegg er det skiskule i vintersesongen måndagar. Fotballen arrangerer trening for 6-åringar tysdagar.</p>	<p>Barneidretten er lagt opp slik at foreldre skal trene ungane. Dette har vist seg å vere krevjande å få til dette året for 6-årsgruppa. Det er ei lita gruppe som møter på treninga torsdagar.</p> <p>Fotballgruppa tilbyr allsidig (fotball)trening tysdagar til 6-åringane, med trenar frå fotballgruppa. Dette er eit populært tilbod.</p> <p>Tambarskjelvar er ein foregangsklubb i høve barneidrett og idrettsskulen. Dette vert framheva på kvart årsmøte. Styret ber difor leiarane i Barneidretten og Fotballen om å finne ei god løysing på denne utfordringa. Eit forslag på møtet var å utarbeide årshjul ala Idrettsskulen for 6-åringane.</p>
<b>Orienteringssaker</b>		
	<p><b>Årsmøte 2018</b></p>	<p>Det vert årsmøte 15.mars 2019, på Håjen.</p> <p>Gruppene må gi tilbakemelding i høve utdeling av ev utmerkingar til styret.</p> <p><b>OBS!</b>  <b>Rekneskapsbilag til Karianne innan 11.januar, og årsmelding med arbeidsplan inkl budsjett sendast Siss-May innan 15. februar.</b></p>
	<p><b>Naustdal stadion</b></p>	<p>Informasjon om arbeidet med nytt kunstgras på stadion, drift og vedlikehald. Punktet utgjekk.</p>

	<p><b>www.tambarskjelvar.no/hallen</b> Vi har fått etablert digital kalender som viser utleige av hallen.</p> <p><b>Tambarskjelvar på Facebook</b></p>	<p>Om de vil leige hallen og/eller møterom, må de bruke skjema på heimesida, eller ta kontakt med Siss-May.</p> <p>Om de vil leige vektøftarhallen må de ta kontakt med Jørn.</p> <p>Om de vil leige kunstgrasbana må de ta kontakt med Bjørn.</p> <p>Styret ber gruppene finne ein dedikert person som kan få rettigheter til å publisere saker på Facebookgruppa.</p>
	<b>Nøkkelibrikke Vektøftarhallen</b>	<p>Fotball- og vektøftargruppa har levert inn skjema til Hallstyret i høve dei som skal ha nøkkelibrikke.</p> <p>Det er no sett ned ei gruppe som skal produsere nøkkelibrikker. Nøkkelibrikkar vert produsert så snart retningsliner frå byggeigar ligg føre.</p>
	<b>Fakturering Hallen</b>	<p>Fakturering til gruppene for leige av hallane har vore forseinka i år.</p> <p>Det vart i 2017 vedteke nye satsar for leige av hallane av kommunestyret. Dei nye satsane vart sett med bakgrunn i at det skulle tilsettast ein dagleg leiar for drift av hallane. Denne stillinga er ikkje på plass, og Tambarskjelvar har difor søkt om å få betale tidlegare sats for leige av hallane til kommunen. Dette er no innvilga og faktura vil truleg kome før årsskiftet til gruppene.</p>
	<b>Sunnfjord Triatlon 2019</b> 10-årsjubileum	Utgjekk.
	<b>Møtekalender 2019</b>	Gruppene ynskjer 3-4 møter kvart år.
<b>Saker/orienteringspunkt som kom til</b>		
38/2018	<b>Høgtalaranlegg stadion</b>	Sparebankstiftinga har gjeve tilskot på kr 7000,- til nytt høgtalaranlegg på stadion. Møtet meiner det bør vurderast om ein skal samordne arbeidet med nytt høgtalaranlegg både for stadion og hallen. Fotballgruppa vil hente inn pris. Det vil kome ein søknad til styret.
39/2018	<b>Redskapsbua stadion</b>	Fotballen treng isolert lagring til utstyr. Styret oppfordra fotballgruppa til å bringe dette inn som eit satsingsområde på årsmøtet.

		I samband med etablering av Vektløftarhallen vart det grave over ein straumkabel som gir straum til Redskapsbua og klokka på stadion. Styret ber kommunen om å skaffe straum til Redskapsbua.
	<b>Skillevegg i Hallen</b>	Skilleveggen mellom Sal 2 og Sal 3 fungerer ikkje. Vaktmeister har tinga ny motor. Denne vert truleg montert i veke 2.
40/2018	<b>Påskjøningar/utmerkingar</b>	Møtet ynskjer å lage eit system for utmerkingar/påskjøningar. Styret tek gjerne imot innspel til eit slikt system som gjer utmerkingar meir forutsigbare. Styret er avhenging av innspel frå gruppene når det gjeld utmerkingar/påskjøningar.
	<b>Is, bandasjar osv</b>	Det er ikkje is o.l. i vaktbua. Treningarane må ha dette med seg på kvar trening.